



Den norske kyrkja

ULSTEIN SOKN

Kyrkjekontoret

6065 ULSTEINVIK

Vår referent: osaky

Arkivsak Arbeidskyrkje i Ulstein

Dokumentnavn: Arbeidskyrkje i Ulstein

Dokumentnummer: 10/00002-006

Løpenummer: 000174/10

Ulsteinvik 09.06.2010

Oppvekst- og kultursjef Leif Ringstad
Rådhuset
6065 Ulsteinvik

AREALBEHOV FOR NY ARBEIDSKYRKJE I ULSTEIN

Viser til brev herifrå av 02.02.2010 om ny arbeidskyrkje i Ulstein, der Ulstein kyrkjelege fellesråd i møte 27.01.2010 under F-sak 002/10 gjorde slikt vedtak:

- 1. Fellesrådet går inn for at det vert bygt ny arbeidskyrkje i sentrum, og ser prosjektet i tilknytning til idrettshallen som særleg interessant*
- 2. Desse blir valt til å utarbeide funksjonsbeskriving og arealbehov: Tor Wilhelm Havåg, Harald Nordal, Lovise Kleven Helvig og Olav Sæter. Sistnemnde er også sekretær. Rapporten skal oversendast plangruppa for idrettshallen, og Ulstein kyrkjelege fellesråd skal ha rapporten som melding når den ligg føre*

Arbeidsgruppa har hatt fleire møte, har sett på ulike løysingar for kyrkjebygg av nyare dato, funksjons- og arealbehov. Vi har også vore på synfaring til Herøy kyrkje, og har hatt samtalar med Ulstein KFUK/KFUM om arealbehov for det lokale kristne barne- og ungdomsarbeidet. Som kjent har Ulstein sokn leigd lokale i Fredheim, som i dag ligg like ved kyrkja.

Ulstein K/M har brukt store ressursar på å ta vare på Fredheim-bygget, men i framtida er det usikkert om organisasjonen vil vere eigar av Fredheim med dei utfordringane eigarskapen fører med seg.

Tomta der idrettshall/badeland er tenkt oppført, og der også ny arbeidskyrkje kan inngå, er sentralt plassert. Ulstein sokn føreset at planane som inkluderer kyrkje, viser korleis det utvendige kyrkjearealet kan utnyttast slik at det gir god tilkomst til ulike funksjonar i bygget, og samstundes gir eit vakkert og tiltalende ytre. Det må vere plass til uteaktivitetar i tilknytning til arrangement i kyrkja.

Sjølv om kyrkje og idrettshall er separate bygg, bør planen ta høgd for at idrettshallen kan brukast til større kyrkjelege arrangement. Det vil difor frå kyrkja si side vere ønskjeleg med lett tilkomst. Vil det vere mogleg å tenkje seg at ein del av idrettshallen også kan vere kyrkjeleg aktivitetslokale?

Vi reknar med at funksjonane vert fordelt på to etasjar. Det må vere eigen tilkomst til begge etasjane, eventuelt ved hjelp av trapp/heis.

Kontorlokala kan gjerne vere i 2.etg., men det må vere lett for publikum både å orientere seg om kvar kontora er, og å ta seg fram til kontora.

Ulstein sokn driv i dag ein open korttidsbarnehage for inntil 50 barn. I dag har barnehagen eit areal for leik og opphald på til saman 254 m². Soknet ønskjer å ha eit alternativ korttidsbarnehagetilbod

vidare, og bør i plan om ny arbeidskyrkje ta høgde for tilstrekkeleg areal til barnehageføremål. For å få god fleksibilitet, må ein vurdere om arealet til kyrkjelydsal kan inngå som ein del av barnehagearealet, gjerne også anna areal.

Ei sentralt plassert arbeidskyrkje må innehalde:

- kyrkjerom og andre samlingsrom
- barne- og ungdomsavdeling (aktivitet og undervisning)
- kontorlokale for Ulstein kyrkjekontor
- barnehageareal

ROMPROGRAM

Sidan soknet ikkje har hatt høve til å køyre ein brei prosess i saka, er romprogrammet nedanfor meint å vere eit framlegg frå arbeidsgruppa, og som organisasjonen må få uttale seg om og arbeide vidare med.

Kyrkjerom og andre samlingsrom

Gudstenerom inkl. altar-/korparti (800 m² ?)

- Må innehalde sitjeplassar til 800 menneske (jfr. Kyrjelova § 21)
- Ein del av desse sitjeplassane (halvparten?) kan vere i tilstøytande rom som med enkle grep kan innlemmast i kyrkjeromet
- Kan løysast eventuelt i kombinasjon med galleri
- Altar-/kor-parti
- Plass til kyrkjeorgel og flygel
- Plass til teknisk anlegg for audiovisuelt utstyr, inkl. plass til å styre lyd/bilete
- Tilstrekkeleg areal rundt handlingsstader som altar, altarring, lesepult, lysglobe, døypefont
- Plass til kyrkjekor og instrumentalgruppe

Galleri:

- Litt avhengig av arkitekturen. Stort eller lite

Kyrkjelydsal: 120-150 m²

- I forlenging av kyrkjeromet
- Skal nyttast til søndagsskule, festar/samkome i kyrkjelyden, møterom for lag/organisasjonar
- Må vere utforma slik at dei som sit der, kan sjå altaret og koret, og at avstanden til koret ikkje blir for lang

Kyrkjestove: 60 m² ?

- Lokale med "stovepreg", ei form for "peisestove". Eit anna preg enn kyrkjelydsal
- Vi stiller spørsmål ved om dette lokalet kan vere ein del av "reservearealet" til kyrkjeromet
- Uformelt møterom

Våpenhus i tilknytning til garderobe

- Til uformelle samvær, enkel kyrkjekaffi, "kyrkjebakk-funksjon"
- Garderobene må dekke fleire funksjonar i komplekset
- Før kyrkjeromet må det vere eit vindfang og ei "sluse" som dempar støy og varmetap frå ytterdør.

Dåpsventerom: 40 m²

- Plass til minst 6 dåpsfølgje
- Må innehalde også stellerom og toalett
- Romet må ligge når inngangen til kyrkjeromet, gjerne med innsyn til kyrkjeromet
- Romet må også kunne brukast til gruppe-/undervisningsrom og mindre samlingar

Kapell? : 80 m²

- Tilbod til dei som ønskjer eit mindre seremonirom
- Særleg aktuelt for bæreandaktar og enkelte gravferder, men også til bønerom, Open kyrkjesamlingar mm.
- Usjenert tilkomst

Sakristi: 40 m²

- Rom bak koret (altarpartiet)
- Til bruk for dei som skal medverke under gudstenesta (6-8 personar)
- Vask og arbeidsbenk for vask av kalkane
- Arbeidsplass for kyrkjetenar
- Skap til kyrkjetekstilar
- Plass til brannsikker safe som rommar verdifullt kyrkjesev
- Toalett for personalet
- Lagerplass til utstyr som trengst til kyrkjelege arrangement (lys, stakar, kollektkorger, mikrofonar osv.)

Kjøken, toalett/garderobe, lager, tekniske rom mm

Kjøken med anretningar og lager: Om lag 70 m²

- Kjøkenet må kunne tene alle sentrale samlingsrom som kyrkjerom, kyrkjelydsal, kyrkjestove og møterom.
- Kjøkenet må vere romsleg, ha plass til moderne utstyr som tilfredsstillt krav frå Mattilsynet
- Lager og anretningsplass
- Kontoravdeling må ha eige tekjokken
- Barne- og ungdomsavdelinga må ha eige tekjokken

Garderobe/Toalett: 40 m² ?

- Må vere lett tilgjengeleg og plassert i same etg. som kyrkjerom
- Eiga garderobe og toalett for kapell?
- Eiga garderobe/toalett for barne- og ungdomsavdelinga?
- Eiga garderobe/toalett for kontor?
- Handikaptoalett

Lager:

- Vanskeleg å talfeste samla lagerplass, men i tilknytning til Gudstenesteromet må det planleggast lager for stolar og teknisk utstyr
- Kapellet må ha eige lager for katafalk og anna utstyr til gravferder
- Lager knytt til barne- og ungdomsavdelinga må romme teknisk utstyr, stolar, aktivitetsmateriell, til dømes musikkutstyr for ten sing og speidarmateriell.

Tekniske rom: 120 m² ?

- Ventilasjonsanlegg
- El.tavle
- Varmtvastankar
- Anna

Fjernarkiv: 10 m²

- Brannsikkert lager

Barne- og ungdomsavdeling

Ei arbeidskyrkje må ha tilrettelagde lokale for aktivitetar av ulikt slag. Fellessamlingar må kunne leggast til kyrkjelydsal eller andre fellesrom. Vi må tenkje kapasitet tilsvarande årskull på 150 born/unge. Må kunne tenkje aktivitet uavhengig av annan aktivitet i kyrkja. Sjå elles under kapittel for kjøken, garderobe/toalett, lager.

Undervisningsrom: 60 m²

- Plass til rundt 30 born/unge
- Konfirmantundervisning og dåpsopplæring

Grupperom: 60 m²

- 3 tilstøytande grupperom kvar på 20 m²

Samlingsrom: 70 m²

- Må vurdere om eitt eller to av grupperoma kan inngå som ein del av samlingsromet

Barnehage: (250 m²)

- Korttidsbarnehagen har opningstid 4 timar 2 dagar i veka. Vi må ta høgd for at mesteparten av barnehagearealet kan brukast også til andre føremål. Difor parantesen rundt kvadratmetertalet.

Kontordel / administrasjonsareal

Kontor for sokneprest, områdeprest, kateket, diakon, kantor, kontorsekretær, barne- og ungdomsarbeidar, kyrkjjetenar, kyrkjeverje + prosjektstilling

Kontor: 80 m²

- 10 kontor (2 store og 8 vanlege)

Møterom: 20 m²

- Eitt av grupperoma kan nyttast dersom avstanden ikkje vert for stor
- Må kunne nyttast også til konfidensielle samtalar

Personalrom med tekjøggen: 20 m²

- Eitt av grupperoma kan nyttast dersom avstanden ikkje vert for stor

Rom for kontorutstyr: 5 m²

- Kopimaskin/printar
- Kontormaskinrekvisita

Nærarkiv: 10 m²

- Kontorrekvisita
- Undervisningsmateriell
- Dåpsmateriell
- Aksjonsmateriell (Fasteaksjonen mm)

Bibliotek: 15 m²

- Bøker til utlån
- Elektronisk materiale
- PC-stasjon

Arbeidsrom/verkstad for vaktmeister/kyrkjetenar: 25 m²

- Materialrom
- Verkstad
- Datastyrt kontrollanlegg for kyrkja
- Lager for verkty og reiskapar

Vaskerom: 10 m²

- Knytt til arbeidsrom for vaktmeister/kyrkjetenar
- Plass til arbeidsbenk
- Plass til vaskemaskin og anna vaskeutstyr
- Plass til tørketrommel og klesnor

Utebod: 12 m²

- Snømokingsutstyr
- Plenklippar
- Bosstativ/-dunkar

Ulsteinvik 09.06.2010

Tor Wilhelm Havåg Norunn Kirkebø Elde Lovise Kleven Helvig Olav Sæter